

Til  
Elevar på VG1 og VG2 RM og deira føresette

Vår ref: Jessie Strand Fagervoll
Vår dato: 05.08.20

## Velkomen til skoleåret 2020 - 2021 og til vidaregåande opplæring!

Det er ei stor glede å få ønskje deg velkomen til eit nytt skoleår og til vidaregåande opplæring på Borgund vidaregåande skole. Vi vil legge til rette for at du skal få eit godt skoleår!

**Oppmøte: Skoleåret startar måndag den 17.august kl 1100. Oppmøte i Borgundhallen.** Sjå s. 6 i [Elevhandboka](#) - > lenke høgre marg. Det blir berre RM-elevar som møter kl 1100 pga koronarestriksjonar.

Elevhandboka inneheld mykje viktig informasjon som du og foreldra dine må lese. Der finn du bl.a. lenke til skolen sitt ordensreglement, kriterium for vurdering/karaktersetting og mange praktiske opplysningar. Elevhandboka blir også delt ut ved skolestart.

**Læremiddel- og utstyrslistene** finn du [her](#).

**PC** – les om fylkeskommunen sin PC-ordning [her](#). Du bestiller PC på same nettstaden.

**Råvarer som går med til privat bruk og til mat de sjølve et**, vert fakturert i september, november, januar og mars.

**Har du rett på skoleskyss?** Sjå meir og søk om skoleskyss [her](#).

På Restaurant og matfag har elevrådet bestemt at ein skal ha felles ordning med leige og vask av kokkeuniformer for alle. Firmaet som skal levere kokkeuniformene, vil vere på skolen ein av dei første skoledagane. Prisen for leige og vask av kokkeuniformene, vil vere 3000,- kr pr år. NB: Hugs å søkje utstyrsstipend frå Statens lånekasse! Når det gjeld uniform og utstyr for dei andre fordjupingsområda, vil du få informasjon ved skolestart. Det du må ha på plass første skoledag, er kokkesko – dei skal vere sklisikre, kvite eller svarte "tresko" med kunstsåle og tett tå.

### HUGS SMITTEVERNREGLANE NÅR DU REISER TIL SKOLEN OG PÅ SKOLEN!



**Slik sørger vi for trygge skoler**

- Gå til klasseromet ditt, ver der
- Hald deg med dei i klassa di
- Hald avstand til andre
- Vis omsyn



**Slik sørger vi for trygge skoler**

- Host i papirlømetørkle eller i albogen
- Vask hendene dine ofte og godt
- Er du sjuk – hald deg heime!

Med venleg helsing  
Jessie Strand Fagervoll  
rektor  
sign

***Borgund vgs utdannar stolte fagfolk!  
Velkomen til fagutdanning for framtida!***